



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Næringsavdelinga

Sakshandsamar:

Arne Monrad Johnsen

E-post: arne.monrad.johnsen@sfj.no

Tlf.: 57 65 62 48

Vår ref.

Sak nr.: 14/6855-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

3715/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 29.01.2015

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Svar - Høyring - Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta.

Vi syner til invitasjon om høyring på forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta av 15.10.2014.

Fylkesutvalet har handsama saka 28.01.2014. Vedlagt er protokoll frå møtet med fylkesutvalet sitt vedtak, saman med saksutgreiinga.

Med helsing

Arne Monrad Johnsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Protokoll frå fylkesutvalet sitt møte 28.01.2015
2. Saksutgreiing

Mottakar (ar)

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet Postboks 8007 Dep. 0030 OSLO





Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 28.01.2015

Sak nr.: 14/6855-5

Internt l.nr. 3703/15

Sak: 3/15

Tittel: Høring - Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta.

Behandling:

Frå hovudutval for plan og næring låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune går ikkje inn for å oppheve konsesjonslova og reglane om buplikt i odelslova.
2. Fylkesutvalet legg her til grunn følgjande moment:
 - a. Reglane i konsesjonslova og reglane om buplikt i odelslova fungerer gjennomgåande tilfredsstillande for omsetjing av landbrukseigedomar. Det er difor ikkje tungtvegande grunnar til å oppheve konsesjonslova.
 - b. Eigedom retten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat, bør vege tyngre enn omsynet til den som ønskjer å selje.
 - c. Bortfall av konsesjonslova vil svekke familiebruket si stilling. Det er personar og selskap med økonomiske ressursar som vil ha størst fordel av at konsesjonslova vert oppheva.
 - d. Bortfall av konsesjons- og bupliktregelverket kan føre til prispress, og at mange landbruks-eigedommar blir omgjort til fritidseigedommar.
 - e. Det er positivt med ein kritisk gjennomgang av konsesjons- og bupliktregelverket, med mål om forenkling, forbedring og meir systematisk handheving.
 - f. Det er særleg viktig å oppretthalde reglar om personleg eigarskap, busetting, ei samfunns-messig forsvarleg prisutvikling og reglar som hindrar oppsamling av eigedomar på få hender.
 - g. Denne type endringar, som oppheving av konsesjonslova og buplikta representerer, må ikkje reknast som reversibel. Det er lite tenkjeleg at streng lovgjeving kan bli innført på nytt.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune støtter Landbruks- og matdepartementet sitt forslag om oppheving av konsesjonsloven og tilhøyrande endringar i odelslova.

Fylkeskommunen meiner at Konsesjonslova hindrar omsetnad av landbrukseigedommar og at lova fører til unødig byråkrati og sakshandsaming i kommunane. I tillegg er unntak frå lova blitt så mange at det i seg sjølv er argument for oppheving. For kommunane vil ei oppheving av konsesjonslova bety forenkling av forvaltninga og vi støttar difor framlegget.

Avrøysting:

Noralv Distad, Olin Johanne Henden og Marit Barsnes Krogsæter røysta for framlegget frå Høgre.

Åshild Kjelsnes, Karianne Torvanger, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø og Trude Brosvik
røysta for tilrådinga frå hovudutval for plan og næring.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune går ikkje inn for å oppheve konsesjonslova og reglane om buplikt i odelslova.
2. Fylkesutvalet legg her til grunn følgjande moment:
 - a. Reglane i konsesjonslova og reglane om buplikt i odelslova fungerer gjennomgåande tilfredsstillande for omsetjing av landbrukseigedomar. Det er difor ikkje tungtvegande grunnar til å oppheve konsesjonslova.
 - b. Eigeomsretten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat, bør vege tyngre enn omsynet til den som ønskjer å selje.
 - c. Bortfall av konsesjonslova vil svekke familiebruket si stilling. Det er personar og selskap med økonomiske ressursar som vil ha størst fordel av at konsesjonslova vert oppheva.
 - d. Bortfall av konsesjons- og bupliktregelverket kan føre til prispress, og at mange landbruks-eigedommar blir omgjort til fritidseigedommar.
 - e. Det er positivt med ein kritisk gjennomgang av konsesjons- og bupliktregelverket, med mål om forenkling, forbetring og meir systematisk handheving.
 - f. Det er særleg viktig å oppretthalde reglar om personleg eigarskap, busetting, ei samfunns-messig forsvarleg prisutvikling og reglar som hindrar oppsamling av eigedomar på få hender.
 - g. Denne type endringar, som oppheving av konsesjonslova og buplikta representerer, må ikkje reknast som reversibel. Det er lite tenkjeleg at streng lovgjeving kan bli innført på nytt.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arne Monrad Johnsen, Næringsavdelinga
 Sak nr.: 14/6855-3

Høyring - Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune går ikkje inn for å oppheve konsesjonslova og reglane om buplikt i odelslova.
2. Fylkesutvalet legg her til grunn fylgjande moment:
 - a. Reglane i konsesjonslova og reglane om buplikt i odelslova fungerer gjennomgåande tilfredsstillande for omsetjing av landbrukseigedomar. Det er difor ikkje tungtvegande grunnar til å oppheve konsesjonslova.
 - b. Eigedom retten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat, bør vege tyngre enn omsynet til den som ønskjer å selje.
 - c. Bortfall av konsesjonslova vil svekke familiebruket si stilling. Det er personar og selskap med økonomiske ressursar som vil ha størst fordel av at konsesjonslova vert oppheva.
 - d. Bortfall av konsesjons- og bupliktregelverket kan føre til prispress, og at mange landbruks-eigedommar blir omgjort til fritidseigedommar.
 - e. Det er positivt med ein kritisk gjennomgang av konsesjons- og bupliktregelverket, med mål om forenkling, forbetring og meir systematisk handheving.
 - f. Det er særleg viktig å oppretthalde reglar om personleg eigarskap, busetting, ei samfunns-messig forsvarleg prisutvikling og reglar som hindrar oppsamling av eigedomar på få hender.
 - g. Denne type endringar, som oppheving av konsesjonslova og buplikta representerer, må ikkje reknast som reversibel. Det er lite tenkjeleg at streng lovgjeving kan bli innført på nytt.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Høring – Forslag om å oppheve konsesjonsloven og boplikten

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Landbruks- og matdepartementet har 15. oktober 2014 sendt forslag om å oppheve konsesjonslova ut på høyring. I tillegg skal enkelte reglar i odelslova opphevast. Høyringsfristen er 15. januar 2015. Fylkesrådmannen har fått avtalt å sende fylkeskommunen si uttale når ho er politisk handsama.

Innleiing

Landbruks- og matdepartementet foreslår å oppheva lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv., samt å oppheva einskilde bestemmelsar i lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova) som omhandlar buplikt.

Forslaget vil medføre at erverv av fast eigedom ikkje lenger vil vere knytt til løyve (konsesjon) frå det offentlege. Forslaget vil vidare medføre at det ikkje vil vere buplikt ved erverv av landbrukseigedom, og at det heller ikkje kan fastsetjast forskrift om nedsett konsesjongrense (såkalla nullgrense) i kommunane. Forslaget styrkjer den private eigedomsretten, og gjer det enklare å få omsett eigedom mellom private.

Departementet kjem med forslag om å oppheve konsesjonsplikta og buplikta, utan at dette blir erstatta av andre reglar.

Bakgrunnen for forslaget ligg i Sundvolden-plattformen der ein varslar vesentlege endringar når det gjeld reglane om fast eigedom. Den einskilde bonde skal få større råderett over eigen eigedom, blant anna ved at konsesjonslova og buplikta blir oppheva. Det er samstundes eit mål å gjere ting enklare og å redusere landbruksbyråkratiet.

Konsesjonslova kan føre til at seljar finn det lite interessant å leggje eigdommen ut for sal i ein open marknad. Reglene kan derfor vere til hinder for ein effektiv marknad for omsetjing av konsesjonspliktige landbrukseigedommar. Det kan mellom anna få som følgje at rekrutteringa til næringa blir svekka. Vidare kan avgrensingar av marknaden gjere det vanskeleg for aktive næringsutøvarar å få kjøpt tilleggsgjord, noko som på sikt kan svekke moglegheitene for effektiv og rasjonell landbruksdrift.

Gjeldande reglar

Konsesjonslova har hatt mest innverknad på omsetjing av landbrukseigedommar. Det er ei rekke unntak frå konsesjonsplikta både på grunn av eigedomen sin karakter og kva forhold kjøparen har til seljaren. Kjøparen kan overta eigedomen konsesjonsfritt dersom han er i slekt med overdragaren eller seljaren, eller dersom han har odelsrett til den eigedomen han skal overta.

Konsesjonslova § 9 inneheld reglar for behandling av søknad om konsesjon til å overta eigedom som skal nyttast til landbruksføremål. Det skal etter denne paragrafen særleg leggjast vekt på følgjande:

- om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling
- om ervervar sine føremål vil ta vare på omsynet til busetting i området
- om ervervet medfører ei driftsmessig god løysing
- om ervervar er skikka til å driva eigedomen
- om ervervet vil ta vare på omsynet til ei heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet.

Ved vurdering av ein konsesjonssøknad er det dei tre første punkta som vanlegvis blir lagt mest vekt på. Konsesjonslova § 11 inneheld reglar om vilkår som kan setjast i samband med konsesjonssaker, der vilkår om buplikt er det vanlegaste.

Konsesjonslova § 7 opnar for at kommunar, gjennom kommunal forskrift, kan setje konsesjonsfridomen ut av kraft ved erverv av ikkje utbygde tomter for bustader eller fritidshus, utbygde eigedommar eller ved erverv frå nær slekt. Då blir slike erverv konsesjonspliktige. Ei nullgrense-forskrift vil i praksis seie at det er buplikt på svært små eigedommar, oftast fritidseigedommar.

Behovet for å oppheve konsesjonslova

Departementet viser til at regjeringa i si plattform har understreka at eigedomsretten er ein grunnleggande rett som bør styrkast. Regjeringa vil styrke bonden sin rett til å disponere over eigen eigedom i tråd med eigne val og prioriteringar. Andre viktige mål for regjeringa er enklare reglar, mindre byråkrati og effektiv og moderne forvaltning.

Departementet syner til at fridomen til å bestemme over eigen eigedom er ein sentral verdi og at eigaren må gjevast større handlingsrom enn i dag. Eigedomslovgjevinga i landbruket legg betydelege restriksjonar på eigaren sine disposisjonar over eigedomen. Konsesjonslova inneheld reglar som for eksempel at ein eigar ikkje står fritt til å overdra eigedomen til kven han vil eller til den prisen som kan oppnåast marknaden. Eigaren kan heller ikkje velje kor han vil bu før han har oppfylt buplikta.

Reglane i konsesjonslova påverkar omsetjinga av landbrukseigedomar. For å auka omsetjinga av konsesjonspliktige landbrukseigedomar og tilleggsjord, må det leggjast til rette for ein velfungerande marknad. Dette kan gjere det lettare å kome inn i næringa for den som vil satse på landbruk. Det kan også gjere det lettare å skaffe seg tilleggsjord, for den som treng det.

Reglane om konsesjonsplikt kan avgrense seljar sin vilje til å selje eigedomen. Buplikt kan føre til at moglege kjøparar ikkje kjøper landbrukseigedom. Reglane om buplikt kan gje ein prisdempande effekt i område der det er lite attraktivt å bu. Buplikt kan også dempe investeringslysta til dei som eig landbrukseigedomane. Manglande investeringslyst fører i si tid til at livskraftige bruk etter ei tid vert lagde ned.

Departementet peikar også på at handheving av reglane krev ressursar både for private og offentlege aktørar. Den offentlege ressursbruken er hovudsakeleg knytt til systemet med eigenerklæringar og handsaming av søknadane om konsesjon.

Hovudtyngda av søknadane om konsesjon gjeld landbrukseigedomar. Reglane i konsesjonslova har mest å seie for omsetjing av desse eigedomane. Departementet meiner at plan- og bygnings-lova og jordlova kan erstatte konsesjonslova når det gjeld omsyn knytt til bruk, vern og fordeling av fast eigedom.

Departementet syner til at unntaka frå konsesjonsplikt er så mange at det i seg sjølv er eit argument for å oppheve lova.

Departementet syner til at det er få avslag på søknader om konsesjon, noko som tyder på at kommunane ikkje meiner at det er behov for å gripe inn i dei frivillige avtalane med bruk av verkemidla i konsesjonslova. Kommunane sin praksis trekkjer i retning av at behovet for kontroll med omsetjinga av landbrukseigedomar er lite.

Departementet understrekar på den andre sida at ein kan ikkje sjå bort frå at konsesjonslova har innverknad på omsetjing av eigedomar. Reglane i lova legg ein del premisser som ein del aktørar innrettar seg etter i samband med overdraging av konsesjonspliktige eigedomar. Partane tilpassar seg bevisst eller ubevisst regelverket.

Departementet konkluderer med at behovet for kontroll med omsetjing av landbrukseigedom ikkje er eit tilstrekkeleg argument for å oppretthalde konsesjonslova som vi har i dag.

Departementet meiner at konsesjonsplikt isolert sett har avgrensa verdi for å oppnå eit effektivt vern om landbruksareala. Dette vernet vert i all hovudsak ivareteke gjennom reglane i plan- og bygningslova og jordlova. Også reglane om driveplikt i jordlova fører til at jordbruksareala blir drivne. Departementet viser til at konsesjonslova på desse områda kan ha ein viss indirekte innverknad. Departementet konkluderer med at jordvernomsyn ikkje er tilstrekkeleg til å oppretthalde konsesjonslova.

Departementet viser til at forskingsresultat syner at det er eit nokså ope spørsmål om reglane om buplikt på landbrukseigedomar fungerer, eller om reglane fungerer etter føremålet. Det er vanskeleg å måle effekten av buplikta.

Departementet syner til at ettersom det er behov for endringar i konsesjonslova, vil det vere uheldig å oppretthalde reglane om buplikt på landbrukseigedomar. Departementet syner til at sjølv om ein har hatt 40 år med buplikt, er det no over 30.000 landbrukseigedomar utan fast busetjing (både konsesjonspliktige og ikkje-konsesjonspliktige eigedomar).

Departementet reknar ikkje med at oppheving av buplikta vil føre til særleg auka omfang av upersonleg buplikt, det vil seie at andre enn eigaren bur på eigedomen. Reglane om buplikt reduserer eigaren sin råderett over eigedomen, buplikta kan vere prisdempande, buplikta kan bety noko for omsetjing av landbrukseigedom og for investeringar i eigedomen. Handhevinga av reglane om buplikt krev både offentlege og private ressursar. Departementet meiner difor at dei omsyna som grunnleggjend behovet for buplikta, ikkje er tilstrekkeleg for å oppretthalda reglane om buplikt.

Departementet rår til at heile konsesjonslova vert oppheva. Det er ikkje nok tungtvegande grunnar til å oppretthalde den kontrollen med omsettinga av fast eigedom som konsesjonslova krev. For-slaget om å oppheve konsesjonslova inneber også at reglane om buplikt i odelslova må opphevast.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen meiner at ein her bør sjå på både dei samfunnsmessige konsekvensane av å oppheve konsesjonslova og reglane om buplikt, og ikkje berre sektorinteressene for landbruket. Oppheving av lova må også vurderast i ein historisk samanheng. Oppheving av lova er ei viktig sak for landbruket og samfunnet, og langt viktigare enn det som går fram av departementet si saks-utgreiing.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at departementet i tilstrekkeleg grad har vurdert konsekvensane av å oppheve konsesjonslova. Fleirtalet av bøndene og organisasjonane i landbruket er i mot å oppheve konsesjonslova.

Konsesjonslova fungerer tilfredsstillande for omsetjing av landbrukseigedomar

Konsesjonslova gjeld i utgangspunktet for omsetjing av all fast eigedom, og lova inneheldt tidlegare mange reglar for omsetjing av ikkje-landbruksrelaterte eigedomar. Desse reglane er gradvis fjerna, slik at lova i dag hovudsakeleg er ei lov for omsetjing av landbrukseigedomar. Dei viktigaste positive sidene ved konsesjonslova er at ho:

- hindrar oppsamling av landbrukseigedomar på få hender. Konsesjonslova og odelslova utfyller kvarandre på dette feltet.
- sikrar personleg eigarskap til landbrukseigedommane. Eigarskap til gardsbruk gir stabilitet for bøndene og samfunnet, i motsetning til eit system med forpakting, og bønder som driv gardsbruk som andre eig.
- held prisane på landbrukseigedomar på eit samfunnsmessig forsvarleg nivå, noko som bidreg til å halde kostnadane til bonden nede.
- sikrar busetjing på landbrukseigedommar av ein viss storleik.
- sikrar primært at aktive bønder får overta landbrukseigedommar.
- tek vare på kjøparane sine interesser, altså «dei som skal inn i landbruket».
- sikrar eit samspel mellom konsesjonslov, jordlov og odelslov.
- sikrar eit lovverk som er normgjevande for verdisetjing og omsetjing av ikkje-konsesjonspliktige landbrukseigedomar.

Fylkesrådmannen vurderer det som særleg viktig å oppretthalde reglar om personleg eigarskap, busetting, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling og reglar som hindrar oppsamling av eigedomar på få hender.

Risiko for auka prisar på jord og meir leigejord

Ved å ta vekk konsesjonslova er det grunn til å tru at etterspurnad og dermed prisar vil stige på jord og gardsbruk. Det er ikkje lenger noko i vegen for at kven som helst kan kjøpe norsk landbruksjord.

Driveplikta skal ein ikkje ta vekk. Men når den personlege buplikta også blir fjerna, så kan eigaren få kven som helst til å driva garden. Og dei som driv gardane, treng vel heller ikkje å bu på gardane heile året?

I konsesjonslova har styresmaktene heimel til å sikre at jordbruksareal kan bli seld som tilleggsgjord til aktive matprodusentar, i staden for som fritidseigedom. Det er eit verkty som styrkjer bonden sin eigedomsrett over eige produksjonsgrunnlag. Det vert borte dersom konsesjonslova forsvinn.

Matjorda er eksistensgrunnlaget

Areal til matproduksjon er ein seint fornybar ressurs. Matproduksjonen må følgje folketalsveksten som er forventa globalt. FN, som i 2014 fokuserte på familiejordbruket, har rekna ut at behovet for mat i verda vil auke med 50 prosent innan 2030 og 70 prosent innan 2050. I det perspektivet vil det vere behov for å ta vare på all tilgjengeleg matjord, og auke produktiviteten på denne. Dette tilseier at det er grunn til å regulere omsetjing av areal eigna for matproduksjon på andre måtar enn vi regulerer omsetjing av anna eigedom. Eigedomsrett er viktig, men mattryggleik er viktigare.

Risiko for store areal på få hender

I Norge har bønder som eig jorda si vore ein grunnstamme i samfunnet opp gjennom historia. Framleis er familiejordbruket den rådande driftsforma, sjølv om bøndene eig ein stadig mindre del av jorda dei driv. Med ei fjerning av konsesjonsregelverket forsvinn også heimlar som kan hindre stor opphoping av arealressursar på få aktørar. Det er ikkje utenkeleg at store aktørar som butikkkjedene sikrar seg kontroll over store delar av den beste matjorda i Norge, og sikrar seg kontroll på heile verdikjeda frå jord til bord. Konsesjonslov og buplikt kan hindre dette, dersom ei slik utvikling ikkje er ønskeleg. Det er lett å sjå parallellar til utviklinga i havbruksnæringa, og ei tilsvarande opphoping av konsesjonar og areal er ikkje ynskjeleg i landbruket.

Forenkling må vere kunnskapsbasert

Det kan truleg gjerast mykje for å både forbetre og forenkle konsesjons- og bupliktregelverket. Ikkje minst må ein sikre seg at regelverket faktisk blir handheva. I dag er dette lagt til kommunane, og deira ressursar til oppfølging er sterkt varierende. Det er nok også ein viktig grunn til at det vert stilt spørsmål ved effekt og nytte av regelverket. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det viktig at ein har oversikt over kva konsekvensar ei endring vil medføre, og tek avgjerd på grunnlag av det.

Konsekvensane av å oppheve konsesjonslova er ikkje tilstrekkeleg utgreidd

Det er ei svakheit ved høyringsdokumentet at alle konsekvensane av å oppheve konsesjonslova på langt nær er utgreidd. Dei positive konsekvensane er indirekte utgreidd, og er nytta som argument for å oppheve lova.

Det vil etter fylkesrådmannen si vurdering bli fleire negative konsekvensar av å oppheve lova. Døme på dette kan vera:


- Prisane på landbrukseigedomane vil stige. Truleg vil dette i første omgang gjelde mindre landbrukseigedomar og eigedomar i sentrale strøk. Dette vil føre til auka kapitalkrav i jordbruket, noko som i neste omgang, etter dagens reglar, vil auke behovet for overføringar til jordbruket. I dag er inntektssida i landbruket langt på veg politisk styrt og avgrensa av målprisar, offentlege tilskot, etc., medan utgiftssida ikkje er tilsvarande avgrensa.

- Truleg vil ein få meir oppkjøp av fast eigedom, både gardsbruk, men også reine utmarks-eigedomar. Store jakteigedomar vil mykje truleg bli eit populært investeringsobjekt for personar med kapital.
- Truleg vil ein få oppkjøp av landbrukseigedomar rundt byar og tettstader, det vil seie den jorda som før eller seinare vert utbygt. Dette kan føre til press på jordvernet.
- Sjølv om fleire konsesjonspliktige landbrukseigedomar truleg vil kome på sal, er det ingen automatikk i at dette kan gjere det lettare å kome inn i næringa for den som vil satse på landbruk eller for den som vil skaffe seg tilleggsjord. Ettersom prisane på landbruks-eigedomar truleg vil stige, kan fleire av dei som vil inn i landbruket likevel bli ståande utanfor, fordi dei vil tape i bodrundene.
- Kommunane vil ikkje lengre ha moglegheit til å krevje at heilårsbustader blir sikra til bustad-føremål, men kan fritt nyttast utelukkande som feriestad (null-konsesjonsgrensa)
- Vi vil truleg få fleire passive eigarar av gardsbruk. Dette fordi utan konsesjonslov kan personar kjøpe opp gardsbruk for å pakte dei bort.
- Det vil vere dei med største økonomiske ressursar som vil ha fordel av at konsesjonslova vert oppheva.
- Dersom det ikkje lenger blir sett vilkår om buplikt, er det sannsynleg at dette vil føre til at færre eigarar buset seg på gardsbruk, ikkje minst vil dette vere tilfelle i område der det er mindre attraktivt å bu.
- Fri omsetjing av landbrukseigedomar og annan fast eigedom, vil truleg føre til at industri-eigarar og investorar vil investere meir i fast eigedom enn det dei gjer i dag. Dette treng ikkje berre vere negativt, men risikoen for auka polarisering i landbruket stor.
- Denne type endringar, som oppheving av konsesjonslova og buplikta representerer, er neppe reverserbar. Det er lite tenkjeleg at streng lovgjeving kan bli innført på nytt etter at det er teke bort.

Vurderingar for Sogn og Fjordane


I Sogn og Fjordane har tal bruk gått ned frå kring 5000 i år 2000 til kring 3000 i år 2011. Det samla jordbruksarealet har i same periode berre gått litt ned, og har så vidt kome under 450.000 daa. Jordbruksarealet per bruk har i perioden stige frå kring 100 daa til 140 daa.

Sysselsetjinga i landbruket i Sogn og Fjordane var i år 2000 på 7%, medan tilsvarende for landet var 3%. I 2011 var situasjonen høvesvis 5% og 2%. Utviklinga har gått mot færre og større bruk.




Målt i tal mjølkekyr og sau har det vore ein nedgang, som viser klår samanheng med nedgangen av tal bruk. Fylket har trass dette klart å halde oppe produksjonen av mjølk og kjøt - så langt.


Eit høgt tal bruk er likevel viktig av mange grunnar, m.a. for å oppretthalde produsentmiljøet. På sikt kan det difor også vere viktig for å halde oppe produksjonen. Det er urealistisk å tru på ein oppgang i tal aktive og produktive gardsbruk i fylket, men å bremse nedgangen kan vere eit mål. Dette kan ein kanskje oppnå ved å halde på den personlege buplikta, samstundes som ein gjennom lover og tilskot gjer det mogleg å livberge seg på dei små bruka i Sogn og Fjordane med bu- og driveplikt.




Figuren viser utviklinga i jordbruksareal og areal per bruk for Sogn og Fjordane 1999 til 2011.



Figuren viser utviklinga i sysselsettinga i landbruket i Sogn og Fjordane og i landet (1999-2011).



Figuren viser utviklinga av tal mjølkekyr og tal mjølkebruk i Sogn og Fjordane 1999 til 2011.



Figuren viser utviklinga i tal sauer over 1 år og tal mjølkebruk i Sogn og Fjordane (1999-2011).

3. Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane i denne saka vil fylkesrådmannen tilrå at fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ikkje går inn for å oppheve konsesjonslova og reglane om buplikt i odelslova. Om ein fjernar den personlege buplikta frå norsk lov, kan det få uheldige konsekvensar for både landbruk og samfunn i Sogn og Fjordane. Kapitalsterke personar og firma kan då kome til å kjøpe opp mange bruk. Fylkesrådmannen vil heller tilrå at det vert gjort justeringar av lover og ordningar som bygger opp under dei tradisjonelle familiebruka, og gjer desse levedyktige saman med buplikta. På sikt kan dette føra til auka busetnad og auka produksjon i landbruket i Sogn og Fjordane. Samstundes vil ein oppnå mange andre samfunns mål, som t.d. eit styrka grunnlag for reiseliv og styrka matvaretryggleik.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)